

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148
33 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
08 / 00549 - 24	
DATO 01 APR. 2009	
AN	EKSP.



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
08/00549-7	13.02.2009	FE: 2009/221/JOLO/562	Johnny Loen, 71 25 80 46	27.03.2009

Utkast til lov om fornybar energiproduksjon til havs - offentlig høyring - fylkesdirektøren si fråsegn

OED til orientering

Jamfør forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal vil fråsegna vil bli lagt fram for fylkesutvalet slik det framgår nedanfor. Av den grunn vil kapittel 1 og 2 først og fremst vere ei saksorientering for utvalet.

Fylkesutvalet sitt vedtak vil bli oversendt i etterkant av møte 26-27 mars.

1 Bakgrunn

Lovutkastet er ei oppfølging av Klimaavtalen i Stortinget, der eitt av punkta er å utgreie heimelsgrunnlaget for energikonsesjonar utanfor grunnlina. Bakgrunnen for dette er sjølv-sagt erkjenninga av at det ligg eit stort potensial i m.a. vindenergi til havs, og at det i dag ikkje finst rettsgrunnlag for å handsame eventuelle søknader. NVE (Norges Vassdrags- og energidirektorat) har motteke fleire meldingar om konkrete prosjekt, og det er kjent at ein også i andre land arbeider med liknande saker, mellom anna rundt Nordsjøbassenget.

Energiproduksjon til havs fordrar nye strukturar for overføring av energi, både nasjonalt og internasjonalt. Klimaavtalen tek mellom anna til orde for å sjå energiproduksjonen i samanheng med behovet for elektrisk energi på oljelinstallasjonar til havs. I tillegg har EU-kommisjonen teke initiativ til ei vurdering av større, internasjonale kraftoverføringssystem i Nord-sjøen.

Høyringsnotatet lister ei rekkje gjeldande lover som i større eller mindre grad er relevante for problemstillinga. Dei viktigaste av desse er kanskje energilova, som ikkje gjeld utanfor grunnlina, og plan- og bygningslova, som heller ikkje gjeld meir enn 1 nm utanfor grunnlina (i ny lov f.o.m. 1.7.09).

Energiproduksjon rører også ved folkerettslege spørsmål, jamfør til dømes at ein i FN's Havrettskonvensjon, artikkel 56, innrømmer kyststatar jurisdiksjon i heile si økonomiske sone, når det gjeld utnytting og forvaltning av ressursar. Fornybar energiproduksjon er nemnt eksplisitt.

Den internasjonale konvensjonen om vern av marine miljø i Nordøst-Atlanteren (OSPAR-konvensjonen) har vedteke eigne retningslinjer for vurdering av miljømessige verknader av vindkraft til havs.

2 Om lovforslaget

Forslaget byggjer mellom anna på dei vilkåra som er nemnt ovanfor og gjeld alle anlegg for produksjon, omforming og overføring av fornybar energi til havs. Departementet ønskjer å fastsette reglar for planlegging, bygging, drift og nedlegging. Det vert samstundes også opna ein heimel for at delar av lova kan bli gjort gjeldande for produksjon av ikkje-fornybar energi til havs. Her er særskilt nemnt gasskraftverk til havs for å levere elektrisitet til land.

Lovforslaget er på nokre punkt parallell til petroleumslova: Først ønskjer ein å slå fast at retten til å utnytte fornybare energiresurser til havs tilhøyrer staten. Deretter ønskjer ein å vidareføre "blokk"-prinsippet, slik at staten opnar for søknad i bestemte geografiske område. Det vert likevel opna for unntak i særlege tilfelle. I samsvar med dette vert det også foreslått ei konsesjonsordning der konsesjonen vert tidsavgrensa til 30 år med høve til å søke fornying. Konsesjon for tilhøyrande nettanlegg er likevel ikkje omfatta av "blokk"-prinsippet.

Samordningstanken som ligg bak "blokk"-tenkinga gjer det naudsynt med tett oppfølging av konsesjonæra mellom anna for å sikre framdrift. Dette er tenkt gjort gjennom eit sett vilkårsheimlar i lova (§ 3-4) og tilhøyrande sanksjonar (kap. 10). Det vert stilt krav om detaljplan som saman med konsesjonsvedtaket skal vere ramma for utbygginga. Både i konsesjon og i detaljplan kan det stillast vilkår for å ivareta omsynet til miljø, energiforsyning, tryggleik mv. Tilsvarende reglar gjeld også i energilova, vassressurslova og petroleumslova. Ut frå manglande røynslar med anlegg til havs vil det likevel vere større behov for å kunne endre vilkåra etter at anlegga er i drift. Av same grunn bør ein ein også kunne pålegge undersøkingar av ymse slag.

Forslaget gir vidare heimel for vilkår knytt til nettsystemet. Dette for å sikre at trinnvis utbygging vert utvikla til eit større og samanhengande infrastruktursystem.

Forslaget gir eigne reglar for konsekvensutgreiingar (KU). Utgreiingsplikta er knytt både til opning av "blokker", til konsesjonssøknaden og til detaljplan, men då på ein slik måte at ikkje dei same tilhøva vert utgreidd fleire gongar. Departementet legg til grunn at praksis her må utviklast over tid. Det vert vist til Storbritannia og Danmark som har svært ulike tilnærming av omsyn til kva som skal utgreiast på kva stadium.

I forkant av KU skal det leggjast fram eit utgreiingsprogram til offentleg ettersyn. Med dette ønskjer ein å leggje til rette for opne prosessar der også allmenta sine interesser blir ivaretekne.

Lovforslaget heimlar eit eige forskriftsverk knytt til tryggleik og beredskap. Tryggleikskravet er naturleg nok retta både mot anlegga og mot andre arealbrukarar, forskriftene kan gjelde tekniske krav, arbeidstilhøve, kvalifikasjonskrav, tryggleikssonar, merking, avgrensing av ulike aktivitetar i områda mv.

Når konsesjonsperioden går ut kan staten ekspropriere nettanlegg. Produksjonsanlegg som går ut av bruk skal fjernast i samsvar med internasjonale avtaler vedrørende forureining av havområda. Konsesjonæren vert pålagt å planlegge nedlegging og fjerning. Konsesjon kan trekkjast tilbake dersom vesentlege vilkår ikkje vert oppfylt, men ein tenkjer seg at dette normalt vil gjelde manglande framdrift i prosjektfasen og i praksis ikkje anlegg som allereie er i drift.

Omsynet til fiskeriaktiviteten er nemnt i eit eige kapittel, og det er lagt opp til erstattingsordningar under føresetnad av at konsesjonsvedtaka vil påverke fiskeria negativt. Dette gjeld uvilkårleg sjølve arealbeslaget, der det kan gis erstatting for tap inntil 7 år etter beslaget. Men utan tidsavgrensing gjeld det også tap forårsaka av eventuell forureining eller "innretning som volder skade".

På same måte som etter energilova er det lagt opp til at OED kan utpeike systemansvarleg (for nettet) og gi forskrifter om korleis dette ansvaret skal utøvast. Målet er å ivareta forsyningstryggleiken og omsynet til forsvarleg drift av kraftsystemet.

Ordningar med omsettingskonsesjon slik som i energilova, er ikkje foreslått no. OED foreslår i staden å kome til bake til dette når det er nærare avklart korleis utbygginga av havbasert energiproduksjon og nettsystem utviklar seg. Det vert likevel stilt krav om konsesjon for utveksling av energi med utlandet.

I lovforslaget ligg ein generell heimel for å krevje arealavgift. Inntektene er tenkt ført til statskassa.

3 Våre vurderingar

Forslaget gjeld i utgangspunktet anlegg for produksjon av elektrisk kraft frå fornybare ressursar. Insentiva for å utnytte desse ressursane er mange og vil over tid bli stadig sterkare. Ikkje minst vil internasjonale avtaler og visjonar knytt til klimautfordringane gi påtrykk. Ein har allereie gjennom fleire år drive forskning og pilotaktivitet innanfor området, og det finst teknologi som nærmar seg kommersialisering. Det er derfor på høg tid at det juridiske rammeverket kjem på plass. Ikkje minst er det viktig med eit rammeverk som sikrar avveging mot andre miljøaspekt (enn klima) og mot andre brukarinteresser i dei same areala. Berre på denne måten kan utbygging skje i dei minst konfliktfylte områda.

Vi finn det naturleg i størst mogleg grad å parallellføre regelverket med det som gjeld for andre typar energianlegg, slik forslaget tek til orde for. Dette gjer det sjølv sagt lettare både for potensielle søkarar og for forvaltingsapparatet å setje seg inn i rammeverket.

Når det gjeld kravet til konsekvensutgreiingar (Kap 4) bør lovforslaget endrast slik at det viser til dei prosedyrene som er lagt til rette gjennom forskrift om konsekvensutgreiingar, heimla i plan- og bygningslova. Etter vår vurdering er desse prosedyrene også godt eigna for konsekvensvurderingar av energianlegg til havs og den nye plan- og bygningslova er lagt til rette nettopp for slike situasjonar: (§ 1-2, 3.ledd: *Kongen kan bestemme at kapittel 14 [om KU] skal gjelde for bestemte tiltak utenfor én nautisk mil utenfor grunnlinjene*). Vårt forslag fordrar med andre ord at denne passusen i pbl blir teke i bruk. Det fordrar også eit tillegg i KU-forskriftene sitt vedlegg I om anlegg etter havenergilova.

Vi kan ikkje sjå at dette skal vere i strid med OSPAR-konvensjonen eller rådsdirektiv etter EØS-avtalen.


Derimot ønskjer vi å peike på at KU-systemet tradisjonelt ikkje legg særleg godt til rette for vurdering av kumulative verknader av arealomdisponering. Dette er uavhengig av kvar kravet om KU er heimla. Vi meiner det vil vere på sin plass i forarbeidet til lova å leggje føringar for korleis kumulative verknader skal analyserast gjennom konsekvensutgreiingar knytt til opning av areal-"blokker". Dette gjeld ikkje berre innan den aktuelle "blokka", men totalt i sjøarealet.


Som påpeikt fra OED gjeld lovforslaget ein aktivitet og ei næring som vi hittil ikkje kjenner i detalj. Som for anna, ny verksemd må ein vente at det oppstår situasjonar og løysingar vi i

dag ikkje kan ta stilling til. Såleis er det rett å legge lovforslaget opp som eit rammeverk, der ein gjennom forskrifter kan ta nødvendige grep seinare.

Vi har ikkje merknader utover dette.

Med helsing


Ottar Brage Guttelvik
Fylkesdirektør


Idar Mølsæter
Plansamordnar

KOPI:

Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund